

Dumdum Boys kjem til Festidalen

29.11.2013

Det har endeleg lukkast å booka topprockarane Dumdum Boys til Festidalen. Dei har skåpet fullt av gullplater og spelemannsprisar og har ei lang rekkje topplåtar bak seg.

Englefjes, Splitter pine og En vill en er tre døme på det. Bookingsjef Daidalos Dahle er svært godt fornøgd. Han har jobba for å få tak i bandet sidan 2007 og slår fast at det passar ekstremt godt i Kvinnherad og i denne festivalramma.

Målet for Festidalen er å gje publikum noko etablert og kvalitetssikkert kvart år og det skjer i høg grad gjennom Dumdum Boys, held den iherdige bookingsjefen fast.

Ei anna nyhende som kanskje ikkje er så positiv gjennom Uskedalsbriller er at julefesten i år ikkje vert på Dønhaug men i Kulturhuset på Husnes. Festen vert heller ikkje 2. juledag, men laurdag 28. desember.

Men også i år opnar han med quiz og Torgrim Øyre snurrar plate, Det stoppar imidlertid ikkje med det: Kaveh kjem med rap som har vore å høyra på P3 og i andre kanalar.

Av Ola Matti Mathisen